

Årsrekneskap 2022

Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideell organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

2022

Rekneskapet viser eit overskot på kr 7.137.

Lunsjtreff

Lunsjtreffa gjekk som normalt frå vårparten og ut året. Samla overskot kr 4.585.

Kultur i Løå

Det vart gjennomført to arrangement. Nasjonalfesten 17. mai gjekk med eit fint overskot, mens konserten i oktober ga eit mindre underskot. Totalt gjekk arrangementa kr 3.279 i pluss.

Vennelaget/småprosjekter

Ingen vesentlege utgifter til prosjekter i 2022.